



## **RETNINGSLINER FOR TILDELING AV MIDLAR TIL KOMMUNALE NÆRINGSFOND. GJELD FRÅ 2018**

### **1. Kommunar som blir omfatta av ordninga**

Alle kommunane i Sogn og Fjordane blir omfatta av ordninga med kommunale næringsfond.

Nokre kommunar vil likevel falle utanfor ordninga som følgje av at dei har kraftinntekter over gitte beløpsgrenser, jf. pkt. 3 i retningslinene.

### **2. Minstekrav for tildeling**

Kommunar som får tildelt midlar til kommunale næringsfond etter fastsette kriteria (jf. pkt. 3), må oppfylle fire krav. Dei må ha:

1. retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet
2. eit tilfredstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa
3. ein strategi for næringsutvikling
4. årsrapport

Krava vert utdjupa nedanfor.

Fylkeskommunen har saman med Innovasjon Norge eit rettleiingsansvar både når det gjeld arbeidet med strategiar for næringsutvikling og årsrapportering. Både fylkeskommunen og Innovasjon Norge må medverke til kompetanseutvikling slik at kommunane kan utføre si rolle som førstelineteneste på ein god måte.

Innovasjon Norge skal vere samtalepartnar for kommunane i utvikling av retningsliner for den direkte bedriftsretta bruken av kommunale næringsfond / kraftfond (utvikling av ein communal verkemiddelpolitikk). Innovasjon Norge skal også vere rådgjevar for kommunane i konkrete bedriftsretta saker.

#### **2.1 Nærmare om næringsapparatet**

Kommunen/kommunane må ha eit eige næringsapparat for å ivareta arbeidet med næringsutvikling.

Med dette meiner vi eit næringsapparat med kapasitet til å ta initiativ i høve næringslivet og andre lokale samfunnsaktørar som arbeider med nyskaping og entreprenørskapsarbeid. Eit aktivt lokalt næringsapparat kjenner til ulike kompetansemiljø og finansieringsordningar. I eit slikt perspektiv vil dei kommunale næringsfonda vere eit av fleire hjelpemiddel. Kommunane bør tilegne seg naudsynt kompetanse, mellom anna ved å delta på kurs og kompetansehevingstilbod.

Det skal vere lett å finne rett kontaktperson på kommunane sine nettsider.

Fylkeskommunen kan saman med kommunen vurdere kva som er tenleg organisering av næringsutviklingsarbeidet. Kommunane må ha ein person som har ein stillingsprosent på minimum 50 % disponibelt for førstelinetenesta. Stillingsressursen kan dekkast av ein person tilsett i kommunen, i eige næringsselskap eller som del av eit langsiktige kjøp av tenester.

Når kommunen set ut førstlinetenesta må dei følgje gjeldande regelverk. Kommunen har framleis ansvaret for forvaltninga og må ha tilstrekkeleg informasjon om forvaltninga.

Det kan gjerast unnatak for kommunar som dokumenterer særleg godt organisert teamarbeid retta mot førstlinetenesta.

## 2.2 Strategiar for næringsutvikling

Kommunen skal ha utarbeidd eit planverktøy med mål, strategiar og prioriterte tiltak for det kommunale arbeidet med næringsutvikling. Plandokumentet skal også ta inn over seg nasjonale og fylkeskommunale føringar gitt mellom anna gjennom regional planstrategi og verdiskapingsplanen med tilhøyrande handlingsplan.

Strategien kan vere i form av ein eigen næringsplan. Alternativt som ein del av samfunnssdelen til kommuneplanen med handlingsdel, eller anna strategisk kommune (-delplan) med handlingsdel. Det viktige er at det finst langsiktige strategiske mål, men også at ein evnar å vere konkrete i prioritering av tiltak t.d. gjennom ein årleg handlingsplan.

Bruk av næringsfondet skal vere godt forankra i kommunen sine strategiar.

## 2.3 Årsrapportering

Kommunen skal kvart år utarbeide ein årsrapport til fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeidet i kommunen. Kommunane må også rapportere direkte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) (RF 13.50).

Årsrapporten til fylkeskommunen skal behandlast politisk og sendast fylkeskommunen innan 15. februar. Oversikt over tildelte midlar og finansiering skal kome tydeleg fram. Kommunane kan nytte årsrapport til KMD også til fylkeskommunen dersom dei ønskjer det.

Når årsrapporten vert handsama politisk, må kommunen også gjere ei vurdering av strategiar for næringsutvikling, om tiltaksapparatet har nødvendig omfang og fungerer godt, og om retningslinene er gode nok. Kommunane må også gjere ei vurdering av bruken av næringsfondet i høve mål og tiltak i plan/strategidokumentet.

### **3. Kriteria for fordeling**

Midlane til kommunale næringsfond blir fordelt etter storleiken på konsesjonsavgifta. Kommunar som ikkje har inntekter frå konsesjonsavgifter og elles tilfredsstiller krava i pkt. 1 og 2, kjem automatisk inn under ordninga.

Hovudutval for næring og kultur (tidlegare hovudutval for plan og næring) fastset grenser for kor store konsesjonsavgifter kommunane kan ha og likevel få tilført midlar til kommunale næringsfond. Vedtak 1.2.2012 fastset at grensa skal vere 2 mill. kr.

Fylkeskommunen vil legge til rette for at kommunane skal kunne samarbeide om næringsarbeidet på tvers av kommunegrensene. Kommunar som ønskjer å bruke midlane til regionale næringsfond får høve til å gjere dette. Det er innført to stimuleringstilskot som skal fremje regionalt samarbeid:

- Stimuleringstilskot til felles førstelineteneste:

Kommunar som kan dokumentere at dei har ei felles førstelineteneste med andre kommunar vil kunne få inntil kr. 70 000 i stimuleringstilskot kvar. Storleiken på tilskotet er avhengig av den årlege løyvinga til kommunale næringsfond frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

- Stimuleringstilskot til felles næringsfond:

Kommunar som har felles fond med andre kommunar kan få inntil kr. 70 000 i stimuleringstilskot. For å få full utteljing vert det føresett at alle fondsmidlar vert lagt inn i eit felles fond.

Stimuleringstilskotet vert avkorta prosentvis dersom berre deler av løyvinga vert lagt inn i eit felles fond.

Alle kommunar som fyller krava kan få stimuleringstilskot, uavhengig av om dei får påfylling av næringsfondet eller ikkje. Det vert også gitt tilskot til samarbeid over fylkesgrensene.

Når stimuleringstilskotet er fordelt, vil 60 % av resterande midlar bli fordelt likt mellom dei kommunane som kan få løyvd midlar til kommunale næringsfond, medan 40 % av resterande midlar

vert fordelt på grunnlag av folketal i kommunen.

Fylkeskommunen kan i særskilte høve avvike frå dei objektive tildelingskriteria dersom den aktuelle kommunen har betydeleg med unytta midlar over fleire år, samstundes som ein ikkje har ein god plan for framtidig bruk.

#### **4. Kapitalgrenser for bedriftsretta prosjekt i kommunane**

Bedriftsretta prosjekt med kapitalbehov under årlege fastsette grenser kan støttast frå det kommunale næringsfondet. Prosjekt over desse grensene skal sendast til Innovasjon Norge til vurdering og eventuell finansiering. Kapitalgrensene blir fastsett årleg i samarbeid med Innovasjon Norge.

Det vert sett krav til at tilskot frå næringsfondet skal ha utløysande effekt.

#### **5. Saksgang ved årleg tildeling**

Fordelinga mellom kommunane skal skje etter at fylkeskommunen har motteke årsrapporten frå kommunane (fristen for innlevering av denne er sett til 15. februar).

Det skal utarbeidast tilsegnsbrev i samsvar med dei krav Kommunal- og moderniseringdepartementet t set til dette. Tilsegnsbrevet skal også innehalde:

- eventuelle prioriteringar frå departementet og fylkeskommunen sjølv.
- opplysningar om kapitalgrenser for bedriftsretta prosjekt i kommunane i tildelingsåret.

#### **6. Regelverk**

Forutan retningsliner gitt av fylkeskommunen, vil forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel frå KMD og retningsliner for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel frå KMD, og det til ei kvar tid gjeldande økonomireglementet for staten, gjelde for tildeling, bruk og forvaltning av kommunale næringsfond.

Fylkeskommunen pliktar å gjere desse retningslinene og økonomireglementet kjent for kommunane.

Anna gjeldande regelverk for offentleg sakshandsaming, t.d. offentleglova og innkjøpsregelverket er sjølvsagt gjeldande.

Kommunane må til dømes følgje innkjøpsregelverket når det vert kjøpt tenester i høve næringsutviklingsarbeidet i kommunen. Ved kjøp over gitte grenser må kommunane nytte anbod.

#### **7. Utløysande effekt**

Midlane skal i utgangspunktet ha ein utløysande effekt. Tilskot skal bidra til at prosjekt som elles ikkje ville ha blitt gjennomført vert realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at tilskotet skal oppretthalde eit tilbod.

## **8. Avgrensing i bruk av midlar**

Midlane skal ikkje nyttast til drift av næringsverksemd eller organisasjonar. Midlane skal heller ikkje nyttast til drift av, eller investeringar i kommunale lovpålagte oppgåver utført av kommunen eller andre.

Det er ikkje lov å nytte midlar til politikkførebuande aktivitet internt hjå forvaltar eller i regi av forvaltar. I dette ligg det mellom anna kjøp av tenester i samband med utforming av nye tiltak og lovpålagde eller eigeninitierte plan- og strategiprosessar.

Men kommunane kan nytte inntil 5% av tilskotet til kommunale næringsfond (inkludert stimuleringsstilskota) til å dekke administrasjonskostnader- og gjennomføringskostander ved forvaltning av midlane.

Støtte til prosjekt kan bli gitt i inntil fem år. Inkludert i dette er driftskostnader direkte knytt til prosjektet.

Midlane skal ikkje nyttast til direkte eller indirekte investering i eigenkapital i verksemder.

Det kan berre i heilt spesielle tilfelle vere finansiering av eit prosjekt både frå fylkeskommunen, eller andre organisasjonar der midlane opprinnelag kjem frå fylkeskommunen, og kommunale næringsfond, såkalla samfinansiering. Dersom det skal gjerast unnatak må støtta ha utløysande effekt for prosjektet, og det må vere prosjekt med regional effekt. Unnatak skal avklarast mellom fylkeskommunen og kommunane på førehånd.

Avgrensing i bruk av midlar er nærmare utdjupa og definert i forskrift og retningsliner frå KMD.

## **9. Prioriterete målgrupper og satsingar**

Kvinner, ungdom og innvandrarar er ei prioritert målgruppe ved tildeling av midlar frå kommunale næringsfond. Desse målgruppene bør nemnast særleg i kommunane sine eigne retningsliner for kommunale næringsfond, og i utlysingstekstar m.m.

Sogn og Fjordane må styrke satsinga på kunnskapsintensiv og kreativ verksemd, uavhengig av bransje. Fylkeskommunen ynskjer difor at kommunane prioriterer satsing på kunnskapsintensiv og kreativ verksemd, elles skal ein legge til grunn satsingane i verdiskapingsplanen, samt ta miljøomsyn

ved tildelingar frå kommunale næringsfond.

Arbeidsplassar innan kunnskapsintensiv verksemd og kreative næringar er ikkje minst viktig med tanke på at unge menneske med god utdanning skal satse på ei framtid i fylket.

### **10. Krav til kunngjering i kommunane og sakshandsaming**

Kommunale næringsfond skal kunngjerast på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no), på forvaltaren si nettside, og på ein slik måte at ein når heile målgruppa. Søknader skal sendast inn gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

I forskrift og retningslinene frå KMD er det fastsett eigne prosedyrar for etablering av tilskotsordningar, sakshandsaming og tildeling av midlar m.m. Kommunane må følgje desse reglane.

### **11. Renteinntekter**

Renteinntekter frå løyvingar til kommunale næringsfond skal inntektsførast til fondet.

### **12. Feil bruk av midlar**

Retningslinene frå KMD slår fast at gjentatt feil bruk av midlar vil føre til krav om tilbakebetaling ved reduksjon av neste års tildeling. Alle kommunar blir varsle om feil bruk av midlar, eller presisering av retningslinene slik at dei kan korrigere tilsvarende bruk av midlar.

### **13. Revidering**

Retningslinene frå fylkeskommunen skal kunne reviderast kvart år, men endringane skal ikkje ha verknad før året etter at endringane er vedtekne. Unnataket er dersom nasjonale føringar gjer det naudsynt med endring i tildelingsåret.

Alle kommunane og Innovasjon Norge skal kunne kome med framlegg til endringar. Det er hovudutval for næring og kultur som vedtek endringane.